

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01

Til: Øygarden kommune
Frå: Mona Hermansen
Stad, dato: Bergen / 2025-12-09

Områderegulering Energiparken – ønske om auke i byggehøyde for område IND13

1 Innleiing

Ocean- Power ønskjer å etablere ein «Blå Strøm» eining på lekter i Energiparken. Lekteren kan evt. innarbeidast i ei fylling. Ulike lokasjonar har vore vurdert, sjå Figur 1. Plassering av «Blå Strøm» eininga på Lokasjon 3 på Figur 1 er den plasseringa som Ocean - Power meiner er mest aktuell og som vert vurdert i dette notatet. Områderegulering Energiparken har vore på offentlig høyring. Ved lokasjon 3 er det i planforslaget vist ei fylling, jf. området IND13 i plankartet, men det er foreslått lågare byggehøgder enn det som trengs til «Blå Strøm» eininga. Ocean - Power ønsker at ein i områdereguleringsplanen aukar byggehøgda slik at «Blå Strøm» eininga kan etablerast.



Figur 1: Lokasjonar som har vore vurdert for ein "Blå Strøm" eining. Lokasjon 3 er den som vert vurdert i dette notatet.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS


Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01

Dette notatet inneheld 3D- illustrasjonar frå ulike standpunkt (sjå vedlegg) og vurderingar kring kva ein slik auke i byggehøgde vil bety for ulike berørte interesser. Det er vurdert at dei berørte interessene er nærmiljø og næringsinteresser (Kystmuseet) samt konsekvensutgreiingstema landskap, friluftsliv og kulturmiljø.

«Blå Strøm» eininga er i dei vedlagte 3D-illustrasjonane vist relativt detaljert, men anlegget er likevel forenkla noko i høve til teikning vist i Figur 2.

Området IND13 i områderegeringsplanen hadde under offentlig ettersyn maksimum 22 m byggehøgde. For å etablere «Blå Strøm» eininga er det behov for opp til 62 m byggehøgde sjå Figur 2. Det er imidlertid berre karbonfangsanlegget, meir presist «absorberkolonnene», heretter kalla kolonnene, som treng 62 m byggehøgde.

Då det berre er kolonnene som treng 62 m byggehøgde presiserast at det ikkje er naudsynt å auke byggehøgda til 62 m for heile det aktuelle arealet / feltet for å kunne etablere «Blå Strøm» eininga, og slik auke er heller ikkje vurdert i notatet. Dersom ein skal opne for ein «Blå strøm» eining i områdeplanen legg vi til grunn at ein i områdeplanen sørger for ei løysing (via plankart og føresegner) som opnar for at berre delar av arealet får byggehøgder opp mot 50-60 m, medan andre delar får lågare byggehøgder.



Figur 2: Detaljert teikning av ein «Blå Strøm» eining med opplysning om nokre utvalde byggehøgder.

2 Vurderingar

Under er vurdert om verknadsvurderinga i planskildringa eller om dei ulike konsekvensutgreiingstema vil få endring dersom ein auker byggehøgda i IND13 frå 22 m til dei naudsynte byggehøgdena ein treng for å byggje ei «Blå Strøm» eining.

Tema	Vurdering
Nærmiljø/ bumiljø (Verknadsvurdering)	Tiltaket vil kunne sjåast frå bustadområda på Oni. Løysing under offentleg ettersyn: I planskildringa ved offentleg ettersyn vart det under verknadsvurderinga for nærmiljø peika på at bustadområda på Oni ville få endra sin utsikt: <i>Ved Oni er utsikta allereie påverka av masseuttaket på Oksneset. På Oksneset er det òg allereie godkjent eit oppdrettsanlegg på land som vil påverke utsikten. Nye tiltak som områdeplanen opnar for vil likevel forsterke inntrykket av å sjå mot eit næringsområde. Ein vil sjå mot eit større samanhengande næringsområde, og ikkje berre eit enkelt-tiltak som oppdrettsanlegget vil vere.... Det må leggjast merke til at dei fleste bustadene på Oni, i tillegg til utsikt mot sør, og har utsikt mot sjøen i aust. Sjølv om utsikten mot sør vert dominert av industri har ein likevel i tillegg utsikt mot meir urørte område.</i> Det som er vektlagt i vurderinga i planskildringa er utvidinga av Energiparken med område på Ljøsneset og Ljøsøysundet. Dei øvrige delane av Energiparken er allereie regulert. Sjølv om delar har fått endra planeringshøgde er utsikten i planforslaget relativt lik regulert situasjon. Med «Blå Strøm»: same vurdering som til offentleg ettersyn vil gjelde. I tillegg får ein imidlertid følgjande endring: - I løysinga ved offentleg ettersyn er utsynet mot Energiparken frå bustader sør på Oen oppdelt i to område då den grøne terrengryggen ved oppdrettsanlegget på Oksneset skjuler delar av Energiparken. Anlegget frå ein «Blå Strøm» eining vil stikke opp over terrengryggen slik at ein frå bustadene i større grad vil oppleve at ein ser mot eit større samanhengande næringsområde. - Lenger nord (t.d Dønna, Hilledalshaugen og v/ Kystmuseet) vil ein sjå at «Blå strøm» eininga stikk godt over øvrig bygningsmasse i Energiparken. «Blå Strøm» eininga vil opplevast som ein del av Energiparken, men vil likevel dominere utsynet frå bustadane noko meir enn ved offentleg ettersyn, sidan «Blå Strøm» eininga er relativt høg. Ein vil oppleve eit meir dominerande industrielt uttrykk.
Næringsinteresser i nærmiljøet- Kystmuseet (Verknadsvurdering)	I planskildringa ved offentleg ettersyn vart ikkje verknaden for Kystmuseet som næringsverksemd omtala. Dette er difor eit nytt tema. Både Kystmuseet sjølv og fylkeskommunen i Vestland har uttalt seg under offentleg ettersyn og presisert at omsynet til Kystmuseet er viktig. Dei peiker på at Kystmuseet profilerer seg som eit økomuseum i kystlandskap og at vidareutvikling av Energiparken kan gjere det

	vanskeleg for Kystmuseet å profilere seg som dette dersom Energiparken vert svært synleg frå museet. Då vil museet i større grad ligge i eit næringsområde framfor eit kystlandskap. • <u>Løysing under offentleg ettersyn</u>: Det ligg allereie føre ei rekke reguleringsplanar for Energiparken. Områdereguleringsplanen medfører liten / tilnærma ingen endring i utsikten frå Kystmuseet sett opp mot desse planane. Sett i forhold til dagens situasjon vil imidlertid Kystmuseet bli negativt påverka ved gjennomføring av dei tiltaka som ligg i områderegulering Energiparken. Oppdrettsanlegget på Oksneset vil påverke utsikten mest negativt. Øvrig del av Energiparken vil ligge i noko avstand med bevart terreng i forgrunnen. Ein vil sjå ny bygningsmasse like over siluhetten. • <u>Vurdering med Blå Strøm</u>: Etablering av Blå Strøm einiga vil medføre at det blir endring i utsikten i høve til gjeldende planar i Energiparken. Frå Kystmuseet vil ein sjå Blå Strøm einiga stikke opp over terrengformasjonane. Anlegget vil opplevast som ein del av Energiparken, men vil likevel dominere utsynet frå Kystmuseet noko meir enn ved offentleg ettersyn/ vedtatte planar, sidan Blå Strøm einiga er relativt høg.
Kulturmiljø (KU)	Vi viser til konsekvensutgreiing (KU) for kulturmiljø for områdeplan Energiparken (offentleg ettersyn). Følgande kulturmiljø kan bli påverka av endringa: • Kystmuseet: Kystmuseet har kommunalt listeførte, SEFRAK-registrerte og verneverdige bygningar og har stor verdi i konsekvensutgreiing. ○ <u>Løysing under offentleg ettersyn</u>: I KU er konsekvens for delområdet Kystmuseet vurdert til ubetydeleg. Det er då vurdert i høve til 0-alternativet som er gjeldande reguleringsplanar. Her er det lite endring og bygningane vil i liten grad strekkje over dei omkringliggjande terrengformasjonane sett frå Kystmuseet. ○ <u>Med «Blå Strøm»</u>: Med «Blå strøm» einiga vert det endring i høve til 0-alternativet då «Blå Strøm» einiga vil rage over terrengformasjonane sett frå Kystmuseet. Påverknad vert endra til noko forringa og dette gir noko negativ konsekvens. • Blomøyknuten: Delområdet omfattar ein peilestasjon/bunker på toppen av Blomøyknuten. Området er vurdert med noko verdi. ○ <u>Løysing under offentleg ettersyn</u>: I KU er påverknaden på delområdet vurdert som noko forringa, grunna at området vert visuelt påverka av den nye utbygginga. Kulturmiljøet har derimot redusert verdi og er allereie påverka av omkringliggjande industriområde. Den samla konsekvensen vart difor sett til ubetydelig konsekvens. ○ <u>Med «Blå Strøm»</u>: Sjølv om «Blå Strøm» einiga vil stikke noko opp over øvrig bygningsmasse i Energiparken vert vurderinga den same. Påverknad er noko forringa og den samla konsekvensen er ubetydelig. Det blir ikkje endring i samla konsekvensgrad for KU kulturmiljø sjølv om «Blå Strøm» einiga vert etablert. Konsekvensgrad er satt til middels negativ

	konsekvens i hovedsak på bakgrunn av konsekvensgrad for område for automatisk freda kulturminne.
Friluftsliv (KU)	Vi viser til konsekvensutgreiing (KU) for friluftsliv for områdeplan Energiparken (offentleg ettersyn). Følgande friluftsområde kan bli påverka av endringa: • Kåreløypa: Kåreløypa er i KU vurdert med middels verdi, ○ <u>Løysing offentleg ettersyn:</u> Påverknad er vurdert til forringa og konsekvensen middels negativ. Det er då, i tillegg til arealbeslag, vektlagt utsikten frå Gjenekletten som vert sterkt forringa samt at gjenverande sti i vest vil få sterkt redusert attraktivitet på grunn av støy og næringsområde tett på. Funksjonen til stien vil bli sterkt redusert. ○ <u>Med «Blå Strøm»:</u> Frå Gjenekletten vil ein sjå «Blå strøm» einiga «stikke opp over» dei øvrige anlegga i Energiparken. Vurderinga vil likevel vere den same. Ein vil framleis vurdere påverknad til forringa og konsekvens til middels negativ. • Sjøområda ved Kystmuseet. Området er i KU vurdert med stor verdi. ○ <u>Løysing offentleg ettersyn:</u> Påverknad er vurdert til noko forringa og konsekvens er vurdert til noko negativ. Her er det i hovudsak utsikten mot aust som er vektlagt. Etter utvidinga av Energiparken mot aust (Ljøsneset og utfylling Ljøsøysundet) vil ein frå sjøområda i Ovågen sjå mot eit stort næringsområde og ikkje berre eit enkelttiltak (oppdrettsanlegget på Okneset som er ein del av 0-alternativet). ○ <u>Med «Blå Strøm»:</u> Ein vil sjå «Blå strøm» einiga «stikke opp over» terrengformasjonane. For at påverknad skal tippe over frå noko forringa til forringa må imidlertid attraktiviteten bli endra frå redusert til svært redusert. Sidan området allereie er prega av næring i 0-alternativet kan ein imidlertid vanskeleg hevde dette. Påverknad er nærare forringa enn tidlegare, men vurderinga står fast. Påverknad er framleis noko forringa og konsekvens er vurdert til noko negativ • Steinsvatnet rundt: Dette området er i KU vurdert med stor verdi. ○ <u>Løysing ved offentleg ettersyn:</u> I KU er påverknad satt til ubetydeleg. Det er berre dei nordre delane av friluftsområdet som vert påverka. I høve til 0-alternativet vil ein her kunne sjå eit større næringsområde då ein vil sjå noko av utvidinga mot sør (Energiparken Sør). Det er vurdert at sidan det berre er faklar og evt. dei høgste elementa i Energiparken Sør ein vil kunne sjå så vert reduksjon i i attraktivitet og påverknad satt til ubetydeleg og konsekvensgrad dermed ubetydeleg. ○ <u>Med «Blå Strøm» eining:</u> Ein vil berre såvidt sjå toppen av Blå strøm einiga frå friluftsområdet då «Blå Strøm» einiga i stor grad ligg skjult bak andre bygg og terreng. Påverknad er framleis satt til ubetydeleg og konsekvens til ubetydeleg. Det blir ikkje endring i samla konsekvensgrad for KU friluftsliv sjølv om Blå Strøm eininga vert lagt inn. Konsekvensgrad er vurdert til middels negativ i hovudsak på grunn av konsekvens for delområdet Kåreløypa.
Landskap (KU)	Vi viser til konsekvensutgreiing (KU) for landskap for områdeplan Energiparken, slik denne er lagt ut på offentleg ettersyn. Vi har her gjort ei førebels undersøking av

	korleis landskapskvalitetar og spesielt synleiheit/synsinstrykk kan bli påverka dersom anlegg for «Blå strøm» vert bygt i tillegg til anlegga vurderte i KU. Påverknad på (største) influensområde for landskap; I konsekvensutgreiinga er det laga kart som syner det største visuelle influensområdet for nye anlegg her. Framlegget som har vore til offentleg ettersyn har tankar og kolonnar på 40/60 m og flammetårn opp til 100m. Etter vår vurdering vil eit nytt anlegg «Blå strøm», med om lag 60m høge kolonnar på lokalitet 3 gi moderate utslag på samla maksimalt influensområde. Ved eventuell vidare konsekvensutgreiing vil vi likevel tilrå å foreta ei ny køyring av GIS-modellen med dei nye elementa for å dokumentere om det kan vere enkelte andre viktige synsstader i tillegg som kan få innsyn som følge av anlegga i «Blå strøm». Å som her å undersøke landskapsverknader som kjem i tillegg frå synspunkta peika ut i KU-fasen vil likevel etter vårt syn gi eit klart førebels inntrykk av landskapsverknadene av «Blå strøm». Ei særleg utfordring med tiltaka i «Blå strøm» er den over 60 m høge, litt breie formen på kolonnene - med markert, spesiell avslutning på formane øvst. Desse eigenskapene gjer at kolonnene, der dei er synlege, vil kunne verke visuelt like sterkt i dette låge landskapet som dei, rette, slanke flammetårna, sjøl om dei siste kan verte nesten 40m høgare. Kolonnene vil verte eit eige, negativt landemerke som peikar seg ekstra ut som framand form i det store landemerket «industribyen». I vedlegget er to døme på med/utan-bilete frå 3D-modell tatt med - det truleg mest negative dømet på verknad/synsintrykk av «Blå strøm» sett frå sjø mot Helleosen, jf. Figur 28, i tillegg til endring i synsintrykk frå Kystmuseet, jf. Figur 14. For bustadområda <u>nord for</u> planområdet og frå kjende friluftsområde er konsekvensutgreiinga frå offentleg ettersyn i dette notatet supplert med vurdering av visuell påverknad frå fleire, detaljerte synsstader under både deltema nærmiljø, friluftsliv og kulturmiljø. Det kjem der fram at «Blå strøm» på lokalitet 3 frå fleire synsstader dukkar opp over silhuett og gjer at synsintrykket av heile utbygginga går meir i retning av eit dominerande og markert industrielt uttrykk. Visuelt sett vil dette gå ytterlegare på «kostnad» av dagens naturlandskaps-dominanse i området, sjølv om at det er påpeika at dei fleste bustader, i tillegg til dette utsynet mot sør/søraust, har «alternativ» utsikt mot sjø og naturprega område mot aust. Blå Strøm - kolonnene vert synlege frå dei fleste synspunkt i <u>Hjeltefjorden</u> som er utpeika i KU. Styrken på verknadene er likevel varierende, frå ikkje synleg i lågt (kajakk-) perspektiv inne mot land i sør, via noko, men ikkje vesentleg negativ auke sett frå td. dekk på hurtigruta når ho går på høgd med Herdla – til vesentleg negativ auke i negativ landskapsverknad i perspektivet vestover i Helleosen. Dagens industri pluss forventa utbygging innanfor gjeldande reguleringsplanar utgjer 0-alternativet og endrar samla sett landskapet i betydeleg grad i retning industri-landskap. Alternativ for framtidig/ferdig utbygt anlegg lagt ut på offentleg ettersyn etablerer ein klart større «industriby» og eit stort visuelt landemerke her ute. Samla sett var skilnaden mellom 0-alternativet og framtidig/ferdig utbygging vurdert å gi middels negativ verknad for tema landskapsbilete. Med «Blå strøm» lokalisering 3 vert samla anlegg endå meir dominerande/sterkare spesielt sett
--	--

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01

	frå bustadområde i nord/Kystmuseet og frå Hjeltefjorden sin nordlege del. Samla påverknad aukar gjennom ei dominerande form og høgd på kolonnene. I tråd med metode i M-1941 for fastsetjing av konsekvens, og i samanlikning mot 0-alternativet, vil verknaden likevel truleg bli ståande innafor middels negativ – og ikkje auke til stor sjølv om «Blå Strøm» einiga vert etablert. Det blir dermed ikkje endring i samla konsekvensgrad for KU landskap. Konsekvensen er framleis middels negativ når ein samanliknar med 0-alternativet.
--	--

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
01	2025-12-05	Til gjennomsyn oppdragsgjevar	MOHER/ KOH	ANNP/ LINOER	MOHER
02	2025-12-09	Til kommunen	MOHER	-	MOHER


Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Vedlegg: 3D frå utvalde standpunkt

Bemerk at utsnittet ikkje nødvendigvis viser augehøyde og at modellen er grov.

I høve til 3D vist ved offentlig ettersyn er det dessutan flytta litt på nokre bygg i IND13 for å få plass til «Blå strøm» einiga. Denne flyttinga er gjort i både 3D som viser «planforslag ved offentlig ettersyn» og 3D som viser situasjon med «Blå Strøm» einiga. 3D som viser «planforslag ved offentlig ettersyn» vil difor avvike noko frå 3D-modellen som var vist ved offentlig ettersyn. 3D utsnittet viser likevel det planforslaget opna for under offentlig ettersyn.

Frå balkong rekkehus Osundet 3A



Figur 3: Standpunkt med raud pil. Aktuell plassering «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01



Figur 4: Frå balkong rekkehus Osundet 3A. Planforslag ved offentlig ettersyn




Figur 5: Frå balkong rekkehus Osundet 3A. Alternativ med «Blå Strøm» i IND 13

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01


Frå Hildalshaugen 3



Figur 6: Standpunkt med raud pil. Aktuell plassering «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01



Figur 7: Frå Hildalshaugen 3. Planforslag ved offentlig ettersyn




Figur 8: Frå Hildalshaugen 3. Alternativ med «Blå strøm» i IND13.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01


Frå Dønna 1




Figur 9: Standpunkt med raud pil. Aktuelt område for «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01



Figur 10: Frå Dønna 1. Planforslag offentlig ettersyn.




Figur 11: Frå Dønna 1. Alternativ med «Blå Strøm» i IND13.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01


Frå Kystmuseet



Figur 12: Standpunkt med raud pil. Område for «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01



Figur 13: Frå Kystmuseet. Planforslag til Offentleg ettersyn.




Figur 14: Frå Kystmuseet. Alternativ med «Blå Strøm» i IND13.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01


Frå Blomøyknuten



Figur 15: Standpunkt med raud pil. Aktuell plassering for «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01



Figur 16: Frå Blomøyknuten. Planforslag offentlig ettersyn.




Figur 17: Frå Blomøyknuten. Alternativ med «Blå Strøm» i IND 13.

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01


Frå Gjenekletten




Figur 18: Standpunkt med raud pil. Aktuell plassering for «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01



Figur 19: Frå Gjenekletten. Planforslag ved offentlig ettersyn




Figur 20: Frå Gjenekletten. Alternativ med «Blå Strøm» i IND13

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01

Frå Steinsvatnet rundt




Figur 21: Standpunkt med raud pil. Aktuell plassering for «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring.


Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01

Frå sti i nordre del av Steinsvatnet:



Figur 22: Planforslag ved offentlig ettersyn




Figur 23: Alternativ med «Blå Strøm» i IND 13


Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01

Søndre del av Steinsvatnet:



Figur 24: Planforslag offentlig ettersyn




Figur 25: Alternativ «Blå strøm» i IND13

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01


Frå Hjeltefjorden, Ljøsøyskallane, sikretrening sørsørvestover mot Hellosen/Osundet (syns-stad 15 i KU)




Figur 26: Standpunkt med raud pil. Aktuell plassering for «Blå strøm» vist omtrentleg med raud ring

Oppdragsgjevar: Ocean - Power AS

Oppdragsnr.: 52509016 Dokumentnr.: 52509016-01



Figur 27: Planforslag ved offentlig ettersyn



Figur 28: Alternativ med «Blå strøm» i IND13